**Referat og oppsummering etter forhandlingsmøte om ein felles intensjonsavtale mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden i København.**

| | |
|---|---|
| **Møte nr. 5**<br>**4. mars 2016** | Forhandlingsutvala:<br>**Sund kommune:** Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), Jogeir Sognnæs (A)<br>**Fjell kommune:** Marianne Sandahl Bjorøy (AP), Tom Georg Indrevik (H), Svein Petter Bergh (SL) Anita Garlid Johannessen (FRP)<br>**Øygarden kommune:** Børge Haugetun (TVØ), , Andreas Kallekleiv (H) Silvia Haugland (TVØ) |
| **Møteleiar:**<br>Trond Wincentsen | |
| **Referent:**<br>Siri Fahlvik Pettersen | Administrasjonane:<br>Stig Arne Thune(rådmann i Sund) Lillian Torsvik (møter for rådmannen i Fjell) Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden) |
| **Fråverande:** | May Elin Limevåg (FRP) Atle Dåvøy (KRF), Espen Harkestad (AP) |

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Dagsorden | 1. Gjennomgang av intensjonsavtalen<br>2. Opplegg i samband med pressekonferanse måndag 7. mars, samt prosessen vidare |
| 2. | Gjennomgang av intensjonsavtalen | |
| | Namn og arbeidstittel | Sund kom med innspel om at ein i innbyggjarundersøkjinga kan få innspel når det gjeld namn. Dette vart ikkje tatt stilling til av forhandlingsutvalet. |
| | 1.Framsida, innleiinga | Vert ståande med gjeldande tekst og bilete. |
| | 2.Visjon og | Siste setning vert retta til vekst i heile kommunen. |
| | 3.Overordna mål | Overordna mål startar med : Den nye Øygarden kommune……. |
| | 4.Fordelar og ulempar | Vert ståande slik teksten ligg føre |
| | 5.Nye Øygarden kommune | Vert ståande slik teksten ligg føre |
| | 6.Demokrati-modellen | Vert ståande slik teksten ligg føre |
| | 7. Prinsipp for tenesteyting | Avsnitt to vert retta til: tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, kan sentraliserast til kommunesenteret eller kommunedelsentera.<br>Kultur, frivillig arbeid, lag og foreiningar. (retta overskrift) |
| | 8. Kompetanse | Vert ståande slik teksten ligg føre |
| | 9. Samfunnsutvikling | Avsnitt to retta til: viktig at ein får eit breitt og mangfaldig ...<br>Infrastruktur –trafikktryggleik: fiber og breiband(ta bort distrikta)<br>Nytt punkt: i eit langsiktig perspektiv vil ein arbeida for eit nytt fastlandsamband for å etablera eit ringvegsystem |
| | 10. Økonomi | Diskusjon om eigedomsskatt på næring skal stå i avtalen eller ikkje. |

| | | |
|---|---|---|
| | 11. Kommunen som arbeidsgjevar<br><br>12. Kommunikasjons-plan | Konklusjon om at teksten vert ståanade slik den ligg føre.<br><br>Avsnitt to; var retta til at ein del medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad.<br><br>Vert ståande slik teksten ligg føre |
| 3. | Opplegg frametter | Vigleik Brekke hadde ein gjennomgang og presentasjon av informasjonplan og opplegg måndag den 7. mars.<br>Det vart gjort avtalar om oppmøtetidspunkt, og det vidare arbeidet som ligg i kommunikasjonsplan og prosessplanen for vidare framdrift. |